

Det kongelige kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:

2016/3027 - 20229/2016

Sakshandsamar:

Gina Beate Holsen 51 96 3830

Dato:

01.09.2016

## Høyringsvar - Forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

Vi viser til departementet sin invitasjon til høyring med referanse 16/3704-.

### Kvoter/tilleggs poeng for underrepresenterte kjønn

Psykologiyrket er av ein slik art at det må seiast å vere tungtvegande faglege argument for å unngå for skeiv kjønnsfordeling innanfor profesjonen. Om kjønnsvotering bidrar til å utdanne dei beste psykologande er uvisst, men det bidrar i det minste til større mangfald i gruppa av psykologar, og det er viktig både for diagnostisering, behandling og oppfølging at pasientar har tilgang på psykologar av begge kjønn.

UiO og UiB har begge føreslege at det blir starta opp ei femårig forsøksordning med kvote på 30 % menn ved opptak til profesjonsstudia i psykologi. I tillegg ønskjer begge universiteta ei nedre poenggrense for søkarar i denne kvota. UiO ønskjer at studentane skal ha minimum 50 karakterpoeng i både fyrstegongsvitnemål og ordinær kvote, mens UiB ønskjer 50 karakterpoeng for fyrstegongsvitnemål og 60 karakterpoeng for ordinært opptak. Sekundært ber UiB om å få gi 2 tilleggs poeng til menn som søker dette studiet. Som hovudregel tenker vi at debatten om kvote på kjønn ikkje må utløysast før det ved gjentatt opptak av studentar, er over 80 % av eitt kjønn.

Det er etter vår vurdering både rett og nødvendig at ein gjennomfører dette som ei tidsavgrensa ordning som blir forsvarleg evaluert, og at det er fagleg argumentasjon som ligg til grunn for ei slik ordning. Vi understreker at det er ønskjeleg, både underveis og etter den femårige prøveperioden, at ein gjer grundige evalueringar for å sjå om ønska mål blir oppnådd på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte. Evalueringa må mellom anna omfatte vurdering av korleis kvoteordninga verker inn på studiet, undervisninga, eksamensresultat, studentmiljø, fråfall av studentar og ikkje minst kvaliteten på dei psykologane som blir uteksaminerte.

Vi saknar ein berekning av korleis ein tenker at dette vil påverke karakterpoenga for kvinner som søker opptak til profesjonsstudia i psykologi. Dersom ei nedre poenggrense blir innført, meiner vi at UiB sitt forslag vil vere det mest fornuftige. UiO sitt forslag med 50 karakterpoeng for ordinært opptak, vil kunne føre til at menn som blir tatt inn på kvote har eit klart lågare karaktersnitt enn medstudentar som har kome inn utan kvote.

Departementet ber også om innspel om det er andre utdanningar der det kan vere aktuelt med ei skeiv kjønnsdeling ved opptak. Dersom evaluering av prøveordninga viser seg å vere positiv meiner vi det vidare bør vurderast om tilsvarende kvoteringsordningar også bør innførast for andre helse- og medisinske fag som også har tilsvarende høg og høgare kvinnedel. Innanfor helseutdanningane gjelder dette både medisin-, odontologi- og ikkje minst sjukepleiarutdanninga. Vi oppmodar kunnskapsdepartementet om å invitere til ei brei og grundig utgreiing av opptaksregler også for desse faga. Denne debatten er allereie godt i gang. Landets medisinske fakultet, universitetsleiinga og Norsk Medisinstudentforening er blant dei instansar som har vore sentrale aktørar i denne debatten (Bakken og Valestrand, 2016).

Som eit supplement til opptak basert på studiepoeng og kvotar, er til dømes bruken av motivasjonsbrev ein velkjent og vel utprøvd metode for opptak til høgare utdanning i fleire land vi kan samanlikne oss med (USA, England). Viserektor for undervisning ved UiB, Oddrun Samdal, har ytra ønske om motivasjonsbrev som ein del av søknaden til alle studium. Eit motivasjonsbrev kan gi viktig tilleggsopplysning om potensielle studentar i tillegg til at det gir studentane eit særleg høve til sjølve å reflektere over kvifor dei ønskjer nettopp denne utdanninga (Samdal 2015).

### **Spesielle opptakskrav**

Vi støttar utdanningsinstitusjonane i dei føreslegne endringane.

### **Konklusjon:**

Helse Vest støtter UiB og UiO sitt ønske om ein prøveordning på fem år med kvote på 30 % menn ved opptak til profesjonsstudia i psykologi. Det er avgjerande med gode evalueringar av prøveordninga før denne eventuelt vert vidareført til andre helse- og medisinskfaglege studium, der menn er underrepresenterte. Profesjonsstudia i psykologi har i utgangspunktet høge inntakskrav og derav truleg også svært motiverte studentar.


Vi meiner også det kan vere behov for ein breiare debatt om ulike opptakskrav til studium innanfor helse- og medisin, der karakterar berre er eitt kriterium. Andre opptakskrav kan vere motivasjonsbrev, mini-intervju eller andre former for vektlegging av personlege eigenskapar.

Målet må uansett vere å rekruttere og uteksaminere dei studentane som har best føresetnader for å bli gode fagfolk innanfor sin profesjonane.

Vennleg helsing



Hilde Christiansen  
Direktør medarbeidar, teknologi og organisasjon



Gina Beate Holsen  
PO-rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)